

Samansette driftsdata for fangst (setel) og fartøy

Av Randi S. Sletten Hopland, Tove Aasheim

Per 14.01.2022

Innhald

Datasettet er eit samansett datasett som inneheld fangstdata frå Fiskeridirektoratets landings- og sluttседdelregister og fartøydata frå Fiskeridirektoratets merkeregister. Datasettet inkluderer all fangst av norske fartøy og fangst av utanlandske fartøy som er landa i Norge. Tidsserien startar på år 2000. Datasettet inneheld driftsdata. Driftsdata gjennomgår same kvalitetssikring som data for offisiell statistikk. Medan data for offisiell statistikk på eit tidspunkt vert låst for vidare endringar vil driftsdata «leve» vidare og fortsatt kunne oppdaterast og verte endra. Driftsdata vil i hovudsak nyttast til forvaltnings- og kontrollformål.

Datasettet inneheld informasjon om all fiske og fangst i sjøen tatt av norskregistrerte fiskefartøy samt fangst av utanlandske fartøy som er landa i Noreg. Datasettet skal også innehalde informasjon om forskingsfangst, skulefangst samt all førstehandsomsetning av fritidsfiske.

Datasettet inneheld både sluttsetlar og landingssetlar. I tabellen vert landingssetlane nedskrivne etter kvart som fangsten vert omsett og sluttsetelført. Fleirtalet av landingssetlane vil difor etter ei tid stå med 0 i kvantum. Eventuelle restkvanta som vert ståande att på landingssetlane vil vere fangst som av ulike årsaker ikkje har vorte omsett.

For åra 2000-2014 er tal for sjøfiske av laks og sjøaure er lagt inn i tabellen på basis av kommunestatistikk for desse artane som vi mottok frå SSB. Desse tala inneheldt berre kvantum og ikkje verdi.

Metode for kopling av fangstdata og fartøydata

Fangstdata og fartøydata er kopla saman ved bruk av siste fangstdato og fartøyet sine gyldighetsperiodar; siste fangstdato må vere i ein periode der fartøyet er gyldig for å bli kopla mot fartøyet. Dersom fangsten ikkje har ein siste fangstdato som ligg i ein gyldig periode for fartøyet, vil denne fangsten ikkje bli knytta mot ein Fartøy ID og heller ikkje mot fartøykarakteristika. Fangst som hamnar utanfor gyldighetsperiodar til fartøya vil difor hamne på "uoppgitt fangst" med omsyn til alle fartøyvariablar (t.d. fartøykommune, største lengde, bruttotonnasje m.m.). Registreringsmerke og radiokallesignal er derimot henta frå setel, og vil difor vere med uavhengig av treff i fartøydata.

Eining

Eininga er dokument (sluttsetel/landingssetel). Eininga vert repetert for kvar varelinje.

Ved landing/sal vert det fylt ut ein landingssetel/sluttsetel som inneheldt dei sentrale opplysningar ved landinga/salet. Etter Fiskesalslagslova er det vidare krav om at viltlevande marine ressursar i første hand skal omsettast gjennom eller med godkjenning av eit

fiskesalslag. Fiskesalslaga leverer desse opplysningane vidare til Fiskeridirektoratet i elektronisk form, og det er desse dokumenta som dannar hovudgrunnlaget for innhaldet i datasettet.

Datakvalitet

Fangst

Datasettet er komplett frå og med år 2000, men ein kan finna kvalitetsavvik på feltnivå. Det har vore ei utviding undervegs, der både nye felt og nye kodar for innhaldet har kome til. Alle kodelister vert vedlikehalde fortløpande og nye kodar vert etablert ved behov.

Sluttsetlar er med i datasettet for alle år. Implementering av landingssetlar er vorten gjort over tid. Vi starta å få inn landingssetlar frå Norges Råfisklag heilt i slutten av 2002, men det er ikkje komplett dei første åra. Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag starta vi å ta inn i 2007, også nokre dokument gjeldande for 2006 og nokre få for 2005 kom då inn. Vest-Norges Fiskesalslag og Norges Sildesalgslag starta vi å ta inn i 2011, då også nokre få dokument gjeldande for 2010. Skagerakfisk er tatt inn i 2013. For heilt ferske data bør ein vera oppmerksom på faren for at kvantum kan ligga dobbelt, dvs både på sluttsetel og landingssetel, dersom kvantum enno ikkje er korrekt nedskrive på landingssetel.

Enkelte felt er frivillig å fylle ut og kan difor i større grad mangle innhald. Det er heller ikkje gjort kvalitetssikring av alle felt. Der vil difor kunne vera stor variasjon på kvaliteten mellom dei ulike felta i datamaterialet.

I løpet av 2013 vart det innført nytt system for overføring av seteldata frå salslaga til Fiskeridirektoratet. I det nye regimet vert setlar overført fortløpande frå kjøpar via laga til oss, slik at tidslegg skal vera kraftig redusert. Samstundes vart det innført fleire automatiske testar i mottaket, slik at ein kan forvente ei auke i kvaliteten på dataene etter denne tid. F.o.m. 2014 er alle salslaga over på dette nye systemet.

Fartøy

Innføring av fartøy i merkeregisteret, endring i opplysningar om eigar/fartøy i registeret og sletting av fartøy frå registeret vert gjort på bakgrunn av melding frå fartøyets eigar.

Som eit ledd i sakshandsaminga ved innføring av fartøy i merkeregisteret eller ved føring av endringar i merkeregisteret vert dei gitte opplysningane kontrollert opp mot opplysningar frå eksterne registre som Skipsregisteret (NOR) samt mot etterspurt og tilsendt dokumentasjon. Endringar som skjer i eksterne registre utanom innførings- og endringstidspunkt blir ikkje automatisk fanga opp.

Som ledd i kvalitetssikring av opplysningane i merkeregisteret "vaskast" med ulike mellomrom opplysningane mot andre offentlege registre, og nødvendige granskingar med påfølgande rettingar blir gjort i merkeregisteret på bakgrunn av dette.

Fiskeridirektoratet arbeider kontinuerlig, gjennom kvalitetssikring av sakshandsamingsrutiner og ved gjennomføring av spørreundersøkelser, å avdekke mulige feil og få retta opp disse. Rettingar kan også skje bakover i tid.

Kjelde

- Fiskeridirektoratets landings- og sluttsetdelregister
- Fiskeridirektoratets merkeregister

Tidsperiode: 2000 - Fortløpande oppdatert

Dokumentnummer: Dokumentnummer

Dokumentnummer som er trykka på fysisk setel. Løpenummer som skal vera unikt innanfor eit salslag innanfor eit år. Frå rundt 2004 til og med 2017 er nummeret bygd opp med 12 siffer, første siffer angir salslag, andre siffer dokumenttype og deretter løpenummer med leiande nullar. Denne forma er komplett frå og med 2005 med unntak av eigengenererte setlar (i Fiskeridirektoratet) på Salslag (kode) lik 10. Denne forma gjev unike nummer på tvers av alle salslag. Frå og med 2018 er nummeret ikkje bygd opp med denne forma lenger for alle salslag, men består for enkelte salslag berre av eit løpenummer. Ein må då ha med informasjon frå felte Dokumenttype og Salgslag i tillegg til Dokumentnummer for å generere eit unikt nummer.

Informasjonen er komplett.

Dokumenttype (kode): Dokumenttype

Dokumenttype seier noko om kva for type dokument det er. Denne tabellen inneheldt berre dokumenttype 0=sluttsetel og 1=landingssetel.

Implementering av landingssetlar er gjort over tid. Vi starta å få inn landingssetlar frå Norges Råfisklag heilt i slutten av 2002, men det er ikkje komplett dei første åra. Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag starta vi å ta inn i 2007, også nokre dokument gjeldande for 2006 og nokre få for 2005 kom då inn. Vest-Norges Fiskesalslag og Norges Sildesalgslag starta vi å ta inn i 2011, då også nokre få dokument gjeldande for 2010. Skagerakfisk er tatt inn i 2013.

For heilt ferske data bør ein vera merksam på at kvantum kan ligga dobbelt, dvs både på sluttsetel og landingssetel, dersom kvantum enno ikkje er korrekt nedskrive på landingssetel.

Kode Nemning

- | | |
|---|------------------------------------|
| 0 | Sluttseddeldokument |
| 1 | Landingsdokument |
| 2 | Landingsdokument ved transitt |
| 3 | Bryggeseddel |
| 4 | Landingsdokument fra føringsfartøy |

- 5 Fangstsertifikat
- 9 Innmeldingsdokument

Dokumenttype: Beskrivelse av kode for dokumenttype

Feltet inneheld nærare beskriving/ledetekst til kode for dokumenttype.

Dokument versjonsnummer: Versjonsnummer

Nummer som angir versjon av dokumentet. Dokument som vert endra skal få nytt versjonsnummer for kvar endring som vert sendt oss frå salslaga. Dokument som er endra av Fiskeridirektoratet får versjonsnummer 99. Berre siste gjeldande versjon av dokumentet vises i tabellen.

Informasjonen er komplett.

Dokument salgsdato: Formulardato

Dato for underskrift av det fysiske dokumentet.

Dokument versjonstidspunkt: Elektronisk dokumentdato

Dato for generering av elektronisk utgåve av gjeldande versjon av dokumentet. Når til dømes eit salslag sender korreksjon til ein setel, vil denne få ny elektronisk dokumentdato.

Informasjonen er komplett.

Salgslag ID: Organisasjonsnummer salslag

Organisasjonsnummer for det salslag fangsten er omsett gjennom.

Informasjonen er komplett og korrekt frå og med 2001 med unntak av to dokument i 2007 og eit dokument i 2002.

Kode Nemning

915442730 Rogaland Fiskesalgslag SL
916437110 Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag
924821779 Vest-Norges Fiskesalslag
938469148 Norges Råfisklag
946768871 Skagerakfisk S/L
951206091 Norges Sildesalgslag

Salgslag (kode): Identitetsnummer salslag

Kode for kva for eit salslag fangsten er omsett gjennom.

Informasjonen er komplett.

Kode Nemning

- 10 Fangst registrert på annen måte
- 2 Skagerakfisk S/L
- 3 Rogaland Fiskesalgslag SL
- 4 Vest-Norges Fiskesalslag
- 6 Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag
- 7 Norges Råfisklag
- 8 Norges Sildesalgslag

Salgslag: Nemning for kode for fiskesalslag

Feltet inneholdt nærare beskriving/ledetekst til kode for salslag.

Mottaker ID: Organisasjonsnummer mottakar/kjøpar

Organisasjonsnummer mottakar/kjøpar for norske aktører.

Mottaker ID er ikkje komplett utfylt. Feltet har historisk ikkje vorte kvalitetssikra av Fiskeridirektoratet, det har med andre ord ikkje vore føretatt kontroll av om mottakaridentitetar som kjem inn er gyldige. For åra 2000-2001 er feltet svært mangelfullt utfylt. Også for 2002 er der til dels store manglar. Også noko ikkje oppgjeve i seinare år.

I løpet av 2013 er der innført kontroll av om nummeret som er oppgjeve er eit gyldig organisasjonsnummer/fødselsnummer. Dette vert gjort ved hjelp av berekning av kontrollsiffer. Nummeret vert ikkje kontrollert opp mot kjøparregisteret. I tillegg er det innført krav om at mottakaridentitet alltid skal vere oppgjeve for norske aktører.

Dersom fødselsnummer er oppgjeve som mottakaridentitet frå laga, er dette sletta i datasettet.

Mottakernasjonalitet (kode): Nasjonalitet mottakar/kjøpar

Nasjonaliteten til mottakar/kjøpar, oppgjeve med 3-bokstavs landkode (ISO-3166).

Feltet er ikkje komplett utfylt. For åra før 2005 er andel ikkje oppgjeve omkring 5-14% av dokumenta - 0,5-1% av rundvekt. Frå 2005 og nyare dato er andel ikkje oppgjeven under 0,5 prosent av dokumenta og under 1 promille av rundvekt. I løpet av 2013 er det innført krav om at nasjonaliteten til mottakar/kjøpar alltid skal vera oppgjeve.

Kode Nemning

- ABW ARUBA
- AFG AFGHANISTAN
- AGO ANGOLA

AIA ANGUILLA
ALB ALBANIA
AND ANDORRA
ANT ANTILLENE
ARE DE FORENTE ARABISKE EMIRATER
ARG ARGENTINA
ARM ARMENIA
ASM AMERIKANSK SAMOA
ATA ANTARKTIS

12 koder er listet ut her.

Mottakernasjonalitet: Nemning for mottakernasjonalitet

Feltet inneheld nærare beskriving/ledetekst til kode for nasjonaliteten til mottakar/kjøpar.

Mottaksstasjon: Mottaksstasjon

Kode som angir den fysiske staden der fangsten er landa. Vert oppgjeve med Mattilsynets godkjeningsnummer ved landing til Norske anlegg, unntakskoder i samsvar med kodeliste (som til dømes Fylke-KAI ved kaisal) eller nasjonskode ved landing i utlandet. For nokre år er fryselager ikkje definert som landingsmottak i Mattilsynets godkjeningsliste. Desse anlegga er gjevne eigne kodar av Fiskeridirektoratet.

Feltet er ikkje komplett utfyllt. Det vert ikkje føretatt full kontroll av om anleggs-koder som kjem inn er gyldige i samsvar med Mattilsynets lister. I løpet av 2013 er det innført automatisk kontroll som sikrar komplett utfylling for alle landingar i Noreg. Frå same tidspunkt er det ikkje lenger krav om å gjenta nasjonskoden i dette feltet ved landing i utlandet.

Landingskommune (kode): Mottaksstasjonens kommunenummer

Kommunenummer for den kommune kor mottaksstasjonen er plassert eller den kommune kor fangsten vert henta frå lås, leveret til fryseskip eller vert henta av føringsbåt. Dersom fangsten ikkje vert brakt på land skal det nyttast kode for den kommune der kjøparfartøy overtar fangsten. Vert oppgitt med SSBs kommunekode for norske kommunar eller FDIRs landkodar for utland/ikkje oppgitt.

Spesielt for eldre år var der ein del tilfelle der det vart fylt ut kjøpars kommunenummer i staden for reell landingskommune. Dette var størst problem den første tida ein gjorde bruk av nøytrale fryselagar ved landing. Ein antar dette har betra seg i nyare år.

2000-2004: Landing til russiske frysefartøy koda som 8801.

2005-2009: Landing til russiske frysefartøy koda inn med kommunekode for der båten faktisk ligg.

2004-2009 og 2000: Ikkje komplett utfylt for utland. Dette gjeld nokre få landingar i land det ikkje er oppretta "kommunekode" (URY, ZAF).

I løpet av 2013 har ein gått vekk i frå bruk av FDIRs landkodar for utland, og feltet vil då vera NULL for landingar i utlandet.

Kode Nemning

0101 HALDEN

0102 SARPSBORG før 1992

0103 FREDRIKSTAD før 1994

0104 MOSS

0105 SARPSBORG

0106 FREDRIKSTAD

0111 HVALER

0113 BORGE før 1994

0114 VARTEIG før 1992

0115 SKJEBERG før 1992

0118 AREMARK

0119 MARKER

12 koder er listet ut her.

Landingskommune: Namn på landingskommune

Feltet inneheld namnet på landingskommunen.

Landingsfylke (kode): Kode for landingsfylke

Fylkeskode, numerisk, for fylket fangsten er landa i. Fylkeskoden er generert ut frå kode for landingskommune i dei tilfella innhaldet i feltet for landingskommune (kode) er eit norsk kommunenummer.

Spesielt for eldre år var det ein del tilfelle der det vart fylt ut kjøpars kommunenummer i staden for reell landingskommune. Dette var størst problem den første tida ein gjorde bruk av nøytrale fryselagar ved landing. Ein antar dette har betra seg i nyare år.

Landingsfylke: Namn på landingsfylke

Feltet inneheld namnet på landingsfylket.

Landingsnasjon (kode): Landingsnasjon

Nasjon fangsten vert landa i, angitt med 3-bokstavs landkode (ISO-3166).

Informasjonen er komplett.

Kode Nemning

ABW ARUBA
AFG AFGHANISTAN
AGO ANGOLA
AIA ANGUILLA
ALB ALBANIA
AND ANDORRA
ANT ANTILLENE
ARE DE FORENTE ARABISKE EMIRATER
ARG ARGENTINA
ARM ARMENIA
ASM AMERIKANSK SAMOA
ATA ANTARKTIS

12 koder er listet ut her.

Landingsnasjon: Nemning for landingsnasjon

Feltet inneheld namnet på nasjonen fangsten er landa i.

Produksjonsanlegg: Produksjonsanlegg

Produksjonsanlegg er der fangsten skal produserast. Kan vera lik eller ulik mottaksstasjon.

Ikkje komplett utfylt og ikkje kvalitetssikra hjå Fiskeridirektoratet.

Produksjonskommune (kode): Produksjonsanleggets kommunenummer

Kommunenummer for kommunen der det fysiske produksjonsanlegget er plassert.

Ikkje komplett utfylt og ikkje kvalitetssikra hjå Fiskeridirektoratet.

Kode Nemning

0101 HALDEN
0102 SARPSBORG før 1992
0103 FREDRIKSTAD før 1994
0104 MOSS
0105 SARPSBORG
0106 FREDRIKSTAD
0111 HVALER
0113 BERGE før 1994
0114 VARTEIG før 1992
0115 SKJEBERG før 1992

0118 AREMARK

0119 MARKER

12 koder er listet ut her.

Produksjonskommune: Namn på produksjonskommune

Feltet inneheld namnet på kommunen der det fysiske produksjonsanlegget er plassert.

Mottakende fartøy reg.merke: Fartøyets registreringsmerke ved landing til fartøy

Registreringsmerke til fartøy som mottar fangst. Brukast i tilfelle der fangsten vert levert til kjøpefartøy, føringsbåt, frys skip mv.

Mottakende fartøy rkal: Kjenningsignal/MMSI-nr ved landing til fartøy

Kjenningsignal/MMSI-nr til fartøy som mottar fangst. Brukast i tilfelle der fangsten vert levert til kjøpefartøy, føringsbåt, frys skip mv.

Mottakende fartøytype (kode): Fartøy type ved landing til fartøy

Kode for fartøytype for fartøy som mottar fangst.

Kode Nemning

- 01 Fiskefartøy
- 02 Transportfartøy
- 03 Brønnbåt
- 04 Leiefartøy (Erstatningsfartøy)
- 05 Kjøpefartøy
- 06 Samfiskefartøy
- 07 Partrållag
- 08 Forskningsfartøy
- 09 Skolefartøy
- 10 Landnotfartøy
- 11 Taretråler
- 12 Fritidsfartøy

Mottakende fart.type: Nemning for fartøytype for fartøy som mottar fangst

Feltet inneheld nemning for kode for fartøytype for fartøy som mottar fangst.

Mottakende fartøynasj. (kode): Nasjonalitet for fartøy (flaggstat) ved landing til fartøy

Nasjonalitet for fartøy (flaggstat) som mottar fangst, angitt med 3-bokstavs landkode (ISO-3166).

Kode Nemning

ABW ARUBA
AFG AFGHANISTAN
AGO ANGOLA
AIA ANGUILLA
ALB ALBANIA
AND ANDORRA
ANT ANTILLENE
ARE DE FORENTE ARABISKE EMIRATER
ARG ARGENTINA
ARM ARMENIA
ASM AMERIKANSK SAMOA
ATA ANTARKTIS

12 koder er listet ut her.

Mottakende fart.nasj: Nemning for nasjonalitet for fartøy som mottar fangst

Feltet inneheld nemning for nasjonalitet for fartøy som mottar fangst.

Fisker ID: Identitetsnummer fiskar

Identitetsnummer til den som landar/fiskar. Kan vere fødselsnummer, organisasjonsnummer eller salslagets interne kundenummer.

Feltet er ikkje komplett utfylt. Feltet har historisk ikkje vorte kvalitetssikra, det har med andre ord ikkje vore føretatt kontroll av om fødselsnummer/organisasjonsnummer som kjem inn er gyldige. Ikkje oppgjeve nummer er utfylt med 0.

I løpet av 2013 er det innført kontroll av om nummeret som vert oppgjeve er eit gyldig fødselsnummer/organisasjonsnummer. Dette vert gjort ved hjelp av berekning av kontrollsiffer. Nummeret vert ikkje kontrollert opp mot fiskarmanntalet. I tillegg er det innført krav om at identitetsnummer alltid skal vere oppgjeve for norske aktørar.

Dersom fødselsnummer eller internt kundenummer hos salslaget er oppgitt, vil dette vere sletta i datasettet.

Fiskerkommune (kode): Fiskarkommune

Skattekommunennummer til den som landar/fiskar oppgjeve med SSBs kommunekodar for norske kommunar eller FDIRs landkodar for utland/ikkje oppgjeve. Det er ikkje dette feltet som vert brukt til kommunestatistikk. For statistikk på fartøykommune bruk informasjon i feltet Fartøykommune (kode).

Feltet er ikkje komplett utfylt for alle år. I løpet av 2013 har ein gått vekk i frå bruk av FDIRs landkodar for utland, og feltet vil då vera NULL for utlendingar. For informasjon om nasjonalitet sjå feltet Fiskernasjonalitet (kode).

Kode Nemning

- 0101 HALDEN
- 0102 SARPSBORG før 1992
- 0103 FREDRIKSTAD før 1994
- 0104 MOSS
- 0105 SARPSBORG
- 0106 FREDRIKSTAD
- 0111 HVALER
- 0113 BORGE før 1994
- 0114 VARTEIG før 1992
- 0115 SKJEBERG før 1992
- 0118 AREMARK
- 0119 MARKER

12 koder er listet ut her.

Fiskerkommune: Namn på fiskarkommune

Feltet inneheld namn på skattekommunen til den som landar/fiskar.

Fiskernasjonalitet (kode): Nasjonalitet til fiskar

Nasjonalitet til den som landar/fiskar, oppgjeve med 3-bokstavs landkode (ISO-3166).

2000-2004: Ikkje komplett utfylt - Nokre manglar for utanlandske fartøy hjå eit salslag.

2010: Nokre få manglar for norske fartøy hjå eit salslag.

2011 - : Komplette utfylt frå og med 2011.

Kode Nemning

- ABW ARUBA
- AFG AFGHANISTAN
- AGO ANGOLA
- AIA ANGUILLA
- ALB ALBANIA
- AND ANDORRA
- ANT ANTILLENE
- ARE DE FORENTE ARABISKE EMIRATER

ARG ARGENTINA
ARM ARMENIA
ASM AMERIKANSK SAMOA
ATA ANTARKTIS

12 koder er listet ut her.

Fiskernasjonalitet: Nemning for nasjonaliteten til fiskar

Feltet inneheld nemning for nasjonaliteten til den som landar/fiskar.

Fartøy ID: Unik intern identifikasjon av fartøy

Intern primærnøkkel i Fiskeridirektoratet for grunneininga fartøy. Nummeret består av 10 teikn, der dei 4 første er årstall då fartøyet blei registrert i merkeregisteret første gong og eit løpenummer på 6 siffer. Dette nummeret blir generert automatisk ved første gongs registrering av fartøyet.

Informasjonen er komplett.

Registreringsmerke (seddel): Fartøyets registreringsmerke

Registreringsmerket på fartøyet som har fiska. For norske fiskefartøy skal her angis fartøyets registreringsmerke i merkeregisteret. Dette består av maks 8 teikn. Fram til og med 2017 angir teikn 1-2 fylkeskode, 3-6 eit løpenummer og 7-8 angir kommunekode. Frå og med 2018 vil det ikkje nødvendigvis vere samsvar mellom «fylkeskode» og «kommunekode» i registreringsmerket og der fartøyet er heimehøyrende. I samband med regionreforma har ein gjort val om at fartøya skal behalde registreringsmerket som viser til tidlegare fartøyfylke og -kommune. Ved seinare hendingar på fartøy som normalt fører til nytt registreringsmerke, skal fartøyet få eit registreringsmerke med fylkes- og kommunebokstavar som viser til kor fartøyet er heimehøyrende. I merkeregisteret er det innført eit nytt felt frå og med 2018, kommunenummer, som angir kor fartøyet er heimehøyrende.

Andre typar registreringsmerker for norske fartøy enn fiskefartøy har varierende former for oppbygging. Kjente former for konstruerte merker brukt er:

- Uregistrerte norske fartøy som fritidsfartøy og landnotfartøy: ZZ-kommunekode-ZZ, kommunekode=fiskars kommune.
- Ungdomskvotestav: Fylkesbokstav-Årstall-UK. Dette tyder at det vert eit felles merke for alle som fiskar på slik kvote innan eit fylke.
- Forskingsfartøy: Fylkesbokstav-9300-Kommunebokstav. I enkelte tilfelle kan nokre forskingsfartøy ha eigne merke. Dette gjeld forskingsfartøy som høyrer til forskingsinstitusjonar.
- Taretrålarar: Fylkesbokstav-8xxx-Kommunebokstav, frå og med 2011.
- Fritidsfartøy: Frå og med 2013 brukast også merke frå register over fritidsbåtar.

Registreringsmerker for utanlandske fartøy har ulike former for oppbygning, men vil her vera oppført utan mellomrom eller bindestrek.

Ugyldige registreringsmerker kan finnast. Historisk har det ikkje vorte fortløupande kontrollert opp mot merkeregisteret. Ved kopling mot merkeregisteret ved hjelp av dato må det difor forventast ein del fråfall, spesielt for tidlege år. I løpet av 2013 er det innført automatisk kontroll opp mot merkeregisteret for norske fiskefartøy. Fartøy som då fell utanfor gyldig periode vil verta merka med kode 13 i feltet for fartøytype. Frå same tid har ein også oppheva kravet om bruk av konstruerte merker, dvs at fartøy som ikkje har reelt registreringsmerke kan førast blankt (NULL). Her er desse derimot koda om til ZZ9990ZZ då feltet er obligatorisk her.

Radiokallesignal (seddel): Fartøyets kallesignal

Fartøyets Kjenningssignal/MMSI-nr. Nummer som identifiserer fartøyet. Det vert nytta enten kjenningssignal utstedt av Sjøfartsdirektoratet eller MMSI-nummer (Maritime Mobile Service Identity) utstedt av Telenor Kystradio ved teikning av VHF-lisens. For utanlandske fartøy vert det nytta tilsvarande nummer utstedt av heimlandet.

Ikkje komplett utfylt. Det er heller ikkje alle fartøy som har kallesignal. Det kan finnast ugyldige kallesignal. Historisk har det ikkje vorte fortløupande kontrollert opp mot merkeregisteret. I løpet av 2013 er det innført automatisk kontroll opp mot merkeregisteret for norske fiskefartøy. Fartøy som ikkje har kjenningssignal i merkeregisteret kan likevel ha feltet utfylt med gyldig kallesignal på sluttsetelen.

Fartøynavn: Fartøyets namn

Merkeregisteret skal innehalde opplysning om namn på det enkelte fartøy, sjå ervervstillatelsesforskriften § 13. Fartøyet sitt namn vert oppgitt av eigaren til fartøyet. For fartøy som også skal førast i Skipsregisteret NOR er det gitt egne reglar om namn på fartøy i forskrift 27. juni 2002 nr 754 om skips navn, kjenningssignal, merking og hjemsted mv. § 4, sjå også sjøloven § 7.

Informasjonen er oppgitt av næringsaktør. Informasjonen er utfylt for alle rader, men kan innehalde feil.

Fartøytype (kode): Fartøytype

Fartøytype (fartøyrolle) gjev kode for kva for rolle/eigenskap fartøyet opptre i når det landar fangst. Eit og same fartøy kan ha ulike rollar på ulike dokument.

Ikkje komplett utfylt, kode 00 nytta for ikkje oppgjeve. Feltet vart først tatt i bruk i løpet av 2004, men dei første åra er det berre delvis tatt i bruk av nokre av salslaga. Meir komplett informasjon for nyare år, og i åra etter 2010 er andel ikkje oppgjeven under 0,5% av total rundvekt. I løpet av 2013 vart det innført automatisk testing som sikrar komplett utfylling hjå alle lag.

Kode Nemning

- 01 Fiskefartøy
- 02 Transportfartøy
- 03 Brønnbåt
- 04 Leiefartøy (Erstatningsfartøy)
- 05 Kjøpefartøy
- 06 Samfiskefartøy
- 07 Partrållag
- 08 Forskningsfartøy
- 09 Skolefartøy
- 10 Landnotfartøy
- 11 Taretråler
- 12 Fritidsfartøy

12 koder er listet ut her.

Fartøytype: Nemning for kode for fartøytype, bokmål

Feltet inneheld nærare beskriving/ledetekst til kode for fartøytype på bokmål.

Kvotefartøy reg.merke: Registreringsmerke på kvotefartøy

Sluttsetlar inneheldt to fartøyidentifikasjonar i registreringsmerkeformat. Feltet Registreringsmerke (seddel) omfattar fartøy som er aktiv i fiske. I enkelte tilfelle skal fangsten ikkje kvoteavreknast på det registreringsmerket som står oppført i Registreringsmerke (seddel). I slike tilfelle blir dette feltet tatt i bruk. Dette feltet blir fyrst og fremst brukt i samband med leigefartøy- og samfiskeordning.

Ikkje komplett utfylt, spesielt for tidlige år. I løpet av 2013 vart det innført automatisk testing som sikrar at feltet alltid vert utfylt i samband med leigefartøy- og samfiskeordninga.

Besetning: Talet på personar om bord

Angir kor mange personar som har vore om bord på fartøyet under fiske.

Ikkje komplett utfylt.

Fartøykommune (kode): Kode for heimstadkommunen til fartøyet

Fram til og med 2017 er kommunekoden generert ut frå fylkesbokstavar og kommunebokstavar i fartøyet registreringsmerke. Frå og med 2018 vil det ikkje nødvendigvis vere samsvar mellom «fylkeskode» og «kommunekode» i registreringsmerket og der fartøyet er heimhøyrande. I samband med regionreforma har ein gjort val om at fartøya skal behalde registreringsmerket som viser til tidlegare fartøyfylke og -kommune. Ved seinare hendingar på fartøy som normalt fører til nytt registreringsmerke, skal fartøyet få eit registreringsmerke med fylkes- og kommunebokstavar som viser til kor fartøyet er

heimehøyrande. I merkeregisteret er det innført eit nytt felt frå og med 2018, kommunenummer, som angir kor fartøyet er heimehøyrande.

Fartøykommune: Heimstadkommunen til fartøyet

Feltet inneheld namnet på kommunen fartøyet er heimehøyrande i.

Fartøyfylke (kode): Kode for heimstadvfylket til fartøyet

Fram til og med 2017 er fylkeskoden generert ut frå fylkesbokstaver i fartøyets registreringsmerke. Frå og med 2018 vil det ikkje nødvendigvis vere samsvar mellom «fylkeskode» og «kommunekode» i registreringsmerket og der fartøyet er heimehøyrande. I samband med regionreforma har ein gjort val om at fartøya skal behalde registreringsmerket som viser til tidlegare fartøyfylke og -kommune. Ved seinare hendingar på fartøy som normalt fører til nytt registreringsmerke, skal fartøyet få eit registreringsmerke med fylkes- og kommunebokstavar som viser til kor fartøyet er heimehøyrande. I merkeregisteret er det innført eit nytt felt frå og med 2018, kommunenummer, som angir kor fartøyet er heimehøyrande. Fylkeskoden/-nummer er dei to første siffera i kommunenummeret (4 siffer).

Fartøyfylke: Heimstadvfylket til fartøyet

Feltet inneheld namnet på fylket fartøyet er heimehøyrande i.

Fartøynasjonalitet (kode): Nasjonalitet fartøy (flaggstat)

Nasjonalitet til fartøyet (flaggstat), angitt med 3-bokstavs landkode (ISO-3166).

Informasjonen er komplett.

Kode Nemning

ABW ARUBA

AFG AFGHANISTAN

AGO ANGOLA

AIA ANGUILLA

ALB ALBANIA

AND ANDORRA

ANT ANTILLENE

ARE DE FORENTE ARABISKE EMIRATER

ARG ARGENTINA

ARM ARMENIA

ASM AMERIKANSK SAMOA

ATA ANTARKTIS

12 koder er listet ut her.

Fartøynasjonalitet: Nemning for nasjonaliteten til fartøyet

Feltet inneheld namnet på nasjonen fartøyet er heimehøyrande i.

Fartøynasjonalitet gruppe: Gruppering av fartøynasjonalitet

Feltet inneheld gruppering av fartøynasjonalitet – norske eller utanlandske fartøy.

Største lengde: Fartøyets største lengde

Merkeregisteret skal omfatte informasjon om fartøyets største lengde, sjå ervervstillatelsesforskriften § 13. Største lengde er lengde i meter målt frå framkant av fremste del av skroget til akterkant av akterste del av skroget, jfr. forskrift 18. desember 2009 nr 1694 om måling av skip § 2 bokstav l.

Informasjonen er oppgitt av næringsaktør. Informasjonen er utfylt for alle rader, men kan innehalde feil.

For fartøy som har stått lenge i merkeregisteret, og som det ikkje er utstedt målebrev/identitetsbevis for fordi de ikkje er målepliktige, kan det være usikkert om det er kjenningslengde eller største lengde som er oppgitt i merkeregisteret.

Lengdegruppe (kode): Kode for lengdegruppe

Lengdegrupper generert ut frå fartøyets største lengde. Inndeling etter Finnmarksmodellen.

Lengdegruppe: Nemning av lengdegruppe

Feltet inneheld nemning av lengdegruppe.

Bruttotonnasje 1969: Bruttotonnasje - 1969

Merkeregisteret skal omfatte informasjon om fartøyas bruttotonnasje, sjå ervervstillatelsesforskriften § 13.

I denne variabelen, «Bruttotonnasje 1969», er det i dag ført bruttotonnasje for fartøy med lengde (L) større eller lik 24 meter (L), målt og berekna i medhald av internasjonal konvensjon om måling av fartøy, 1969 (London-konvensjonen 1969).

Fram til 1982 blei det i det tidlegare elektroniske merkeregisteret for denne variabelen ført opp fartøyets nettotonnasje.

Regler for berekning av et fartøys bruttotonnasje har endra seg over tid. I medhald av forskrift av 14. juni 1982 nr. 1044 om måling av fartøy skulle bruttotonnasje etter 18. juli 1982 bereknast etter 1969-konvensjonens målereglar. Frå 18. juli 1994 fekk 1969-konvensjonen full verknad for eitkvart fartøy som blei omfatta av konvensjonen. Målepliktige fartøy med lengde (L) på 24 meter eller større skulle innan den dato være ommålt.

Fiskerimyndighetene hadde reglar for regulering av tilgang til å drive fiske og regulering av fiske basert på det enkelte fartøys bruttotonnasje. Det kunne være stor forskjell på bruttotonnasje for same fartøy berekna etter tidligare målereglar og etter 1969-konvensjonen, spesielt for fartøy med shelterdekk. Fiskerimyndighetene måtte derfor i merkeregisteret registrere det enkelte fartøys bruttotonnasje på ein slik måte at det klart gjekk fram kva berekningsmetode som vart nytta, samtidig som dette også vart ivaretatt ved endring av forskrifter. Frå 1982 er det derfor i merkeregisteret to variablar med opplysning om fartøys bruttotonnasje.

Bruttotonnasje er her oppgitt i samsvar med fartøyets målebrev, og er såleis bare oppgitt for fartøy som er målt av Sjøfartsmyndighetene. Det vises til lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet (skipssikkerhetsloven) § 10 og til forskrift 18. desember 2009 nr 1694 om måling av skip.

Det vises også til tidligare lov 19. juni 1964 nr. 20 om måling av fartøyer og til tidligare forskrifter 26. juli 1994 nr. 749 om måling av fartøyer og forskrifter 14. juni 1982 om måling av fartøyer. Disse er alle oppheva.

Informasjonen er oppgitt av næringsaktør. Informasjonen er ikkje utfylt for alle rader. Informasjonen kan innehalde feil.

Bruttotonnasje annen: Bruttotonnasje - annan

Merkeregisteret skal omfatte informasjon om fartøys bruttotonnasje, sjå ervervstillatelsesforskriften § 13.

I denne variabelen, Bruttotonnasje - annan, er det ført opp bruttotonnasje målt etter andre reglar enn London-konvensjonen 1969 for fartøy under 24 meter (L). Det kan vere Norsk Innenriks Målebrev (1982) til målepliktig fartøy ved første gangs måling når lengde (L) er mindre enn 24 meter, Internasjonalt målebrev (1947) i samsvar med 1947-konvensjonens målereglar eller målebrev etter tidligare målereglar. Det kan også vere bruttotonnasje for fartøy under 15 meter i Identitetsbevis utstedt etter kjenningsmåling (fastsetting av lengde, bredde og djupne) og der bruttotonnasje er ekvivalent som følger: 15 meter ekvivalent til 25 bruttotonn, 12,5 meter ekvivalent til 20 bruttotonn, 11,5 meter ekvivalent til 15 bruttotonn, 10 meter ekvivalent til 10 bruttotonn og 8 meter ekvivalent til 4 bruttotonn.

«Identitetsbevis» vert ikkje lenger utskrive, ordninga vart avslutta 1. januar 2010 av forskrift 18. desember 2009 nr 1694 om måling av skip. Bruttotonnasje i merkeregisteret er oppgitt i medhald av fartøyets målebrev/identitetsbevis, og er såleis berre oppgitt for fartøy som er målt eller kjenningsmålt av Sjøfartsmyndighetene. Reglane for måling av fartøy har endra seg over tid. Det vises til lov 16. februar 2007 nr 9 om skipssikkerhet (skipssikkerhetsloven) § 10 og til forskrift 18. desember 2009 nr 1694 om måling av skip.

Det vises også til tidligare lov 19. juni 1964 nr 20 om måling av fartøyer og til tidligare forskrifter 26. juli 1994 nr 749 om måling av fartøyer og 14. juni 1982 om måling av fartøyer. Disse er alle oppheva.

Informasjonen er oppgitt av næringsaktør. Informasjonen er ikkje utfylt for alle rader. Informasjonen kan innehalde feil.

Byggeår: Byggeår fartøy

Årstall for når skroget blei bygd.

Informasjonen er ikkje komplett, men det finnes informasjon om byggeår for dei fleste fartøy.

Ombyggingsår: Ombyggingsår fartøy

Årstall for når fartøyet sist ble ombygd.

Det er usikkerhet med omsyn til om fartøyeigar alltid gir pliktige opplysningar om ombygging.

Motorkraft: Motorkraft

Motorkraft oppgitt i hestekrefter (HK). Omrekningsformel frå hestekrefter (HK) til kilowatt (kW) er: $kW = HK/1,36$.

Informasjonen er ikkje komplett, men det finnes informasjon om motorkraft for de fleste fartøy. Det er også usikkerhet med omsyn til om fartøyeigar alltid gir pliktige opplysningar om eventuell ny motor og dermed endring i hestekrefter (HK).

Motorbyggeår: Byggeår motor

Årstall for når motoren blei bygd.

Informasjonen er ikkje komplett, men det finnes informasjon om byggeår for motor for dei fleste fartøy. Det er også usikkerhet med omsyn til om fartøyeigar alltid gir pliktige opplysningar om eventuell ny motor og dermed endring i årstall for bygging av motor.

Fangstår: Fangstår

Årstalet for når fangsten er tatt. Fangst tatt i ulike fangstår skal føres på kvar sine setlar.

Informasjonen er komplett.

Siste fangstdato: Siste fangstdato

Siste fangstdato er siste dag fiskefartøyet tar fangst om bord.

Feltet er først tatt i bruk i løpet av 2004 men hadde ikkje tilstrekkeleg innhald til å kunne tas i bruk for 2004-data. Dersom feltet er ugyldig eller ikkje er oppgitt, har dato i dette feltet automatisk vorte sett lik landingsdato eller 31.12.fangstår dersom landingsdatoen er i året etter, ved mottak av data. I løpet av 2013 er det innført automatiske kontrollar som sikrar komplett utfylling hjå alle salslag.

Kvotetype (kode): Kvotetype

Kode for kva kvotetype det er fiska på.

Ikkje komplett utfylt. Før 2005 er det så store manglar at ein ikkje kan bruke informasjonen til generell statistikk. Også til dels store manglar i åra 2005-2008. Vert ikkje komplett kvalitetssikra hjå Fiskeridirektoratet. Kodelista er betydeleg utvida over tid.

Kode Nemning

- 01 Vanlig kvote
- 02 Forskningskvote
- 03 Skolekvote
- 04 Annet lands kvote
- 05 Ungdomskvote
- 06 Fritidsfiske
- 07 Vanlig kvote med leveringsbetingelser
- 08 Distriktskvote
- 09 Agnkvote
- 10 Vanlig kvote, salg til turist
- 11 Kongekrabbe-kvote i kvoteområdet.
- 12 Bonuskvote, fersk

12 koder er listet ut her.

Kvotetype: Nemning for kode for kvotetype

Feltet inneheld nemning for kode for kvotetype.

Redskap (kode): Reiskap

Kode som identifiserer nytta fangstreiskap. Dersom fleire ulike reiskap er brukt på same tur er kravet at viktigaste reiskap skal oppgis.

Det at all fangst på ein setel vert ført på eitt reiskap, kan føra til at det vert nokre tilfelle med ulogiske kombinasjonar av fiskeslag og reiskap. For å rydde unna slike ulogiske kombinasjonar vert det gjort ei automatisk retting av reiskap for visse fiskeslag.

Følgjande føringar ligg til grunn for desse rettingane:

1. Reker - ved anna reiskapskode enn 55-Reketrål, 58-Dobbeltrål eller 59-Trippeltrål endrast reiskap til 55-Reketrål.
2. Krabbe (unntatt kongekrabbe) - ved anna reiskapskode enn 42-Teiner endrast reiskap til 42-Teiner.
3. Kongekrabbe - ved anna reiskapskode enn 42-Teiner, 50-Udefinert trål eller 51-Bunntål endrast reiskap til 42-Teiner.
4. Hummar - ved anna reiskapskode enn 42-Teiner endrast reiskap til 42-Teiner.

5. Sjøkreps - dersom reiskap er 50-Udefinert trål, 51-Bunntål, 52-Bunntål par, 53-Flytetål, 54-Flytetål par, 58-Dobbeltrål eller 59-Trippeltrål endrast reiskap til 57-Krepsetål. Deretter ved anna reiskap enn 40-Udefinert bur og ruser, 41-Ruser, 42-Teiner, 55-Reketål, 56-Bomtrål, 57-Krepsetål endrast reiskap til 42-Teiner.
6. Skjell - ved anna reiskap enn 80-Annet, 81-Skjellskrape endrast reiskap til 80-Annet
7. Ål - ved anna reiskap enn 41-Ruser endrast reiskap til 41-Ruser.
8. Ikkje oppgitt reiskapskode 99- Uspesifisert endrast til 80-Annet.

Kode Nemning

- | | |
|----|-----------------------|
| 10 | Udefinert not |
| 11 | Snurpenot/ringnot |
| 12 | Landnot |
| 14 | Snurpenot med lys |
| 15 | Landnot med lys |
| 20 | Udefinert garn |
| 21 | Drivgarn |
| 22 | Settegarn |
| 30 | Udefinert krokredskap |
| 31 | Flyteline |
| 32 | Andre liner |
| 33 | Juksa/pilk |

12 koder er listet ut her.

Redskap: Nemning for kode for reiskap

Feltet inneheld nemning for kode for reiskap.

Redskap – gruppe (kode): Kode for reiskapsgruppe

Feltet inneheld kode for gruppering av nytta fangstreiskap.

Reiskap – gruppe: Nemning for kode for reiskapsgruppe

Feltet inneheld nemning for kode for gruppering av nytta fangstreiskap.

Redskap - hovedgruppe (kode): Kode for hovudgrupper for reiskap

Feltet inneheld kode for hovudgruppe for reiskap.

Redskap - hovedgruppe: Nemning for hovudgrupper for reiskap

Feltet inneheld nemning for kode for hovudgruppe for reiskap.

Fangstfelt (kode): Fangstfelt

Fangstfelt (5-siffer). Samansett av 1. siffer, kyst/hav-kode, 2.-3. siffer hovudområde og 4.-5. siffer lokasjon. Definerer viktigaste fangstfelt på turen.

Dersom det har vore fiska på fleire ulike hovudområde på same tur er kravet at viktigaste hovudområde skal oppgis. Fangst tatt i ulike soner skal likevel førast på kvar sin setel. For torskeetrålarar og rekeetrålarar har ein i åra før 2017 føretatt ei kvalitetssikring og ei ytterlegare detaljering på områdenivå ved hjelp av informasjon frå fangstdagboka. Dette vert gjort internt i Fiskeridirektoratet, og er berre gjort for ferdig kvalitetssikra år. Frå og med 2018 har slik retting på enkeltsetlar ikkje blitt utført hos Fiskeridirektoratet. Informasjon om hovudområde vil difor etter 2018 vere det viktigaste hovudområdet i dei tilfella fisket har føregått over fleire hovudområde på same tur.

Nokre få tilfelle med fangstfelt 99999 er brukt for uoppgjeve fangstfelt.

Kyst/hav (kode): Kyst/hav-kode

Kyst/hav-kode definerer om fangsten er tatt innanfor eller utanfor tolvmilsgrensa. (8=innanfor/0=utanfor 12-mila)

Komplett utfylt. Nokre få tilfelle med kyst/hav-kode 9 er brukt for uoppgjeve fangstfelt.

Hovedområde (kode): Hovudområde

Hovudområde, to siffer.

Dersom det har vore fiska på fleire ulike hovudområde på same tur er kravet at viktigaste hovudområde skal oppgis. Fangst tatt i ulike soner skal likevel førast på kvar sin setel. For torskeetrålarar og rekeetrålarar har ein i åra før 2017 føretatt ei kvalitetssikring og ei ytterlegare detaljering på områdenivå ved hjelp av informasjon frå fangstdagboka. Dette vert gjort internt i Fiskeridirektoratet, og er berre gjort for ferdig kvalitetssikra år. Frå og med 2018 har slik retting på enkeltsetlar ikkje blitt utført hos Fiskeridirektoratet. Informasjon om hovudområde vil difor etter 2018 vere det viktigaste hovudområdet i dei tilfella fisket har føregått over fleire hovudområde på same tur.

Kode Nemning

- 00 Vestfjorden (Lofoten)
- 01 Kaninbanken
- 02 Murmanskysten
- 03 Øst-Finnmark
- 04 Vest-Finnmark
- 05 Røstbanken til Malangsgrunnen
- 06 Helgelandsbanken
- 07 Storegga-Frøyabanken
- 08 Eigersundbanken
- 09 Skagerrak

10 Skolpenbanken

11 Gåsebanken

12 koder er listet ut her.

Hovedområde: Nemning for kode for område

Feltet inneheld namn på hovudområde.

Lon (hovedområde): Lengdegrad - hovedområde

Lengdegrad for midtpunktet til hovedområdet.

Lat (hovedområde): Breddegrad - hovedområde

Breddegrad for midtpunktet til hovedområdet.

Lokasjon (kode): Lokasjon

Lokasjon, to siffer. Inneheld ei nummerering av rektangel under hovudområde.

Innhaldet i feltet er av variabel kvalitet, og må nyttast med varsemd. Innhaldet vil kunne ha noko betre kvalitet for pelagisk sektor samt for fangst tatt med konvensjonelle reiskap (garn, line, snurrevad, ruser, teiner og juksa), for fangstoperasjonar som ikkje går over så store områder på same tur.

Lon (lokasjon): Lengdegrad - lokasjon

Lengdegrad for midtpunktet til lokasjonen.

Lat (lokasjon): Breddegrad - lokasjon

Breddegrad for midtpunktet til lokasjonen.

Sone (kode): Økonomisk sone

Den økonomiske sone, vernesone o.s.v. der fangstoperasjonen har føregått.

Feltet vart innført i 2004, men ikkje tatt fullt i bruk før 2005. Nokre tilfelle er likevel utfylt også for tidlegare år. Bør ikkje nyttast for åra før 2005.

1. 2000-2004: Svært mangelfull - bør ikkje nyttast til generell statistikk.
2. 2005-2007: Ikkje komplett utfylt.
3. 2008- : Komplette utfylt fom 2008.

Kode Nemning

CAN Canadisk økonomisk sone

FRO Færøysk økonomisk sone
GRL Grønlandsk økonomisk sone
ISL Islandsk økonomiske sone
NOR Norsk økonomisk sone
RUS Russisk økonomisk sone
USA USAs økonomiske sone
XAA Det tilstøtende området i Barentshavet (
XBS Smutthullet
XCA CCAMLR-området
XEU EU - sonen
XJM Fiskerisonen rundt Jan Mayen

12 koder er listet ut her.

Sone: Nemning for kode for økonomisk sone

Feltet inneheld namn på økonomisk sone.

Områdegruppering (kode): Kode for områdegruppering

Denne variabelen inneheld kode for ICES-område eller NAFO-område. Koden inneheld prefiks for FAO-område slik at det er mogleg å skilje mellom ICES-område (27) og NAFO-område (21).

Fram til og med 2004 inneheld variabelen kodar for ICES-områder som var gjeldande fram til 2010. Eksisterande inndeling i ICES-områder som vart oppretta i 2010 er i datasettet tatt med heilt tilbake til 2005. Inndelinga i eksisterande ICES-områder er avhengig av informasjon om økonomisk sone. I grunndata kom ikkje sone inn som obligatorisk variable før i 2008. For å kunne lage statistikk for nye ICES-områder, har vi etterregistrert informasjon om sone så godt som mogleg tilbake til 2005. Setlar som manglar sone eller som har ugyldig kombinasjon av fangstfelt og sone, vil ikkje få tildelt kode for områdegruppering.

Områdegruppering: Nemning for kode for områdegruppering

Denne variabelen inneheld nemning for kode for ICES-område eller NAFO-område.

Fram til og med 2004 inneheld variabelen nemning for kodar for ICES-områder som var gjeldande fram til 2010. Eksisterande inndeling i ICES-områder som vart oppretta i 2010 er i datasettet tatt med heilt tilbake til 2005. Inndelinga i eksisterande ICES-områder er avhengig av informasjon om økonomisk sone. I grunndata kom ikkje sone inn som obligatorisk variable før i 2008. For å kunne lage statistikk for nye ICES-områder, har vi etterregistrert informasjon om sone så godt som mogleg tilbake til 2005. Setlar som manglar sone eller som har ugyldig kombinasjon av fangstfelt og sone, vil ikkje få tildelt områdegruppering.

Hovedområde FAO (kode): Internasjonal fangstregion

Internasjonal fangstregion (FAO-område). Til dømes angis det nordøstlige Atlanterhav (ICES rådgivningsområde) med 27 og det nordvestlige Atlanterhav (NAFOs rådgivningsområde) med 21.

Ikkje komplett utfylt.

Kode Nemning

- 01 Afrika innland
- 02 Nord Amerika innland
- 03 Sør Amerika innland
- 04 Asia innland
- 05 Europa innland
- 06 Oceania innland
- 07 Russland og tidligere sovjetstater
- 08 Antarktisk innland
- 18 Arktiske sjø
- 21 Nordvestlige Atlanterhav
- 27 Nordøstlige Atlanterhav
- 31 Vestlige sentrale Atlanterhav

12 koder er listet ut her.

Hovedområde FAO: Nemning for kode for område (FAO)

Feltet inneheld namn på hovudområde FAO.

Nord/sør for 62 grader nord: Nord/sør for 62 gradar nord

Generert ut frå ICES-områder. Nord for 62 gradar nord: ICES Ia, Ib, IIa1, IIa2, IIb1, IIb2. Sør for 62 gradar nord: ICES IIIa, IVa, IVb, IVc.

Fangstdagbok (nummer): Fangstdagboksnummer

Fangstdagboksnummer, nummer trykt på fysisk fangstdagbok.

Ikkje komplett utfylt.

Etter overgang til elektronisk fangstdagbok vert feltet for desse fartøya fylt ut med 99999 eller liknande standardnummer, då der ikkje er eit dagboksnummer for elektronisk dagbok.

Fangstdagbok (turnummer): Fangstdagbokas turnummer

Fangstdagbokas turnummer.

Ikkje komplett utfylt.

Elektronisk fangstdagbok inneheldt ikkje begrepet turnnummer. Det er difor ikkje mogleg å knytte sluttsetel opp mot elektronisk fangstdagbok ved hjelp av dette feltet.

Landingsdato: Landingsdato

Landingsdato angitt som den dag landingen er fullført.

Informasjonen er komplett. Vil i ein del tilfeller kunne innehalde omsetningsdato i staden for faktisk landingsdato. NB! Landingsår kan avvike frå fangstår.

Landingsklokkeslett: Klokkeslett landing

Klokkeslett lokal tid for fullført landing (timer min).

Landingsmåned (kode): Nummer på landingsmåned

Landingsmåned angitt som nummer.

Landingsmåned: Landingsmåned

Namn på landingsmåned.

Landingstidspunkt: Landingstidspunkt

Landingsdato og klokkeslett.

Dellanding (signal): Dellevering

Kode som angir om fangstturen er omfatta av ein eller fleire sluttsetlar. 0 = ingen dellevering (det finnes berre éin sluttsetel for denne turen), 1 = dellevering (det finnes minst to sluttsetlar for denne turen).

Usikker kvalitet.

Neste mottaksstasjon: Neste mottaksstasjon

Vert nytta ved dellevering; Kode som angir det fysiske anlegget som er neste landingsstad. Oppgjeve med Mattilsynets godkjeningsnummer.

Usikker kvalitet.

Forrige mottaksstasjon: Forrige mottaksstasjon

Brukes ved dellevering; kode som angir det fysiske anlegget som var forrige landingstad. Angis med Mattilsynets godkjeningsnummer

Usikker kvalitet.

Linjenummer: Linjenummer

Nummer på varelinje i dokumentet.

Informasjonen er komplett.

Art - FDIR (kode): Art/fiskeslag i Fiskeridirektoratets kodeliste

Kode for art/fiskeslag i Fiskeridirektoratets kodeliste.

Informasjonen er komplett.

Kode Nemning

0101 Niøye

0102 Gjedde

0103 Annen ferskvannsbrasme

0104 Karpe

0105 Suter

0106 Karuss

0107 Mort

0108 Lake

0109 Abbor

0111 Gjørs

0112 Stør, uspes

0113 Maisild, stamsild

12 koder er listet ut her.

Art - FDIR: Artsnamn i Fiskeridirektoratets kodeliste

Namn på art/fiskeslag i samsvar med Fiskeridirektoratets kodeliste.

Art (kode): Kode for art/fiskeslag

Dette er ei samanstilling av artar i Fiskeridirektoratets kodeliste. Dei fleste artane i kodelista finnes også på dette nivået, men nokre er slått saman og vises som gruppe. Bakgrunnen for at vi har valt å innføre dette nivået er at nokre av artane i Fiskeridirektoratets kodeliste vert brukt ulikt av dei ulike fiskesalslaga.

Art: Nemning av art/fiskeslag

Dette er ei samanstilling av artar i Fiskeridirektoratets kodeliste. Dei fleste artane i kodelista finnes også på dette nivået, men nokre er slått saman og vises som gruppe. Bakgrunnen for at vi har valt å innføre dette nivået er at nokre av artane i Fiskeridirektoratets kodeliste vert brukt ulikt av dei ulike fiskesalslaga.

Art - gruppe (kode): Kode for gruppe for art/fiskeslag.

Kode for grupper av art/fiskeslag.

Art - gruppe: Nemning av gruppe for art/fiskeslag.

Nemning av kodar for grupper av art/fiskeslag.

Art - hovedgruppe (kode): Kode for hovedgrupper for art

Kode for hovedgruppe for art/fiskeslag.

Art - hovedgruppe: Beskrivelse av hovedgrupper for art

Namn på hovedgruppe for art/fiskeslag.

Art FAO (kode): Artskode FAO

Artskodar henta frå FAOs (Food and Agriculture Organization of the United Nations) kodeliste.

Art FAO: Nemning for artskode (FAO)

Namn på art/fiskeslag i samsvar med kodelista til FAO (Food and Agriculture Organization of the United Nations).

Produkttilstand (kode): Produkttilstand

Kode for produkttilstand. Med dette meiner ein fiskens tilstand slik den er når den vert landa og seier noko om fisken er heil eller grad av endring frå heil rå fisk. Produkttilstand omfattar også dei ulike biprodukta av fisken som vert landa.

Informasjonen er komplett.

Kode Nemning

- 100 Levende
- 110 Rund
- 111 Hodekappet
- 112 Rund med rogn
- 115 Våt tilstand
- 210 Sløyd med hode
- 211 Sløyd uten hode, rundsnitt
- 212 Sløyd uten hode, uten ørebein
- 213 Sløyd uten hode, uten spord
- 214 Sløyd uten hode, rettsnitt

- 215 Sløyd uten hode, uten buk
- 216 Sløyd m/hode og uten spord

12 koder er listet ut her.

Produkttilstand: Nemning for kode for produkttilstand

Nemning av produkttilstand.

Konserveringsmåte (kode): Konserveringsmåte

Kode for konserveringsmåte. Her angis korleis fisken er konservert ved landings-/leveringstidspunktet. Til dømes fersk, frossen, tørka, salta o.s.b.

Relativt store andelar er ført som uoppgjeve. Eit stort salslag nytta i mange år mest berre kode for uspesifisert. Kvaliteten er betra i nyare år.

Kode Nemning

- 00 Uspesifisert
- 01 Ensilert
- 02 Fersk/ukonservert
- 03 Fersk saltkukt
- 04 Fersk sjøkukt
- 05 Frossen
- 06 Frossen saltkukt
- 07 Frossen sjøkukt
- 08 Gravet
- 09 Iset
- 10 Rfw
- 11 Rsw

12 koder er listet ut her.

Konserveringsmåte: Nemning for kode for konserveringsmåte

Feltet inneheld nemning for konserveringsmåte.

Landingsmåte (kode): Leveringsmåte

Kode for leveringsmåte. Angir korleis fisken er oppbevart ved landings-/leveringstidspunktet. Til dømes om den er i kassar, emballert, levert i tank, i lås m.m.

Kode Nemning

- 1 i lås

- 10 i merd, oppfôret
- 11 tank / bil
- 12 kar
- 13 container
- 14 Oppsamlingsfartøy
- 15 Fra merd, uten fôring
- 2 bulk
- 3 tank / båt
- 4 kasser/tønner
- 5 brønnbåt
- 6 kvase

12 koder er listet ut her.

Landingsmåte: Nemning for kode for landingsmåte

Feltet inneheld nemning for landingsmåte.

Kvalitet (kode): Kvalitet

Kode for kvalitet. Her angis ei vurdering og klassifisering av fisken ut i frå kjøparane sine lokale vurderingar i det enkelte salslagsdistrikt.

Definisjonen av kvalitet er ikkje standardisert. Kodane som vert nytta må tilpassast det enkelte salslags kvalitetsomgrep. I ulike salslagsregionar og innan ulike verksemdar nyttar ein av tradisjon ulike omgrep for same kvalitetsgrad. Denne variabelen er ikkje i bruk for pelagisk sektor, her angis utelukkande kode for uoppgeve.

Kode Nemning

- 10 Ekstra
- 11 Prima
- 12 Superior
- 20 A
- 21 Blank
- 30 B
- 31 Sekunda
- 32 Afrika
- 33 Frostskadet fos
- 34 Gul
- 35 Produksjonsrogn
- 36 Knekt krabbe

12 koder er listet ut her.

Kvalitet: Nemning for kode for kvalitet

Feltet inneheld nemning for kvalitet.

Størrelsesgruppering (kode): Storleik/sortiment

Kode for storleik/sortiment. Her angis den storleikssortering som vert brukt på den kommersielle marknaden. Storleik kan angis etter ulike målemetodar. Koden består av i alt 7 siffer. Første siffer angir kode for registreringsmetoden for storleik, dei tre neste siffera angir nedre grense for storleiken og dei tre siste siffera gir den øvre grensa. Moglege registreringsmetodar er angitt i kodetabell.

Der er ingen harmonisering av bruken av dette feltet. Kvart enkelt salslag har sine grupperingar på storleik, og desse kan vidare variera alt etter type produkt og mellom år.

Kode Nemning

- 1 Stk pr kg metode
- 2 millimetermetode
- 3 uoppgitt størrelse
- 4 hektogrammetode
- 5 blandet angivelse (fra i mm, til i hg)
- 6 blandet angivelse (fra i hg, til i mm)
- 7 grammetode
- 8 metermetode
- 9 kilogrammetode

Anvendelse (kode): Bruken av fangsten/produktet

Kode som angir kva produktet er tenkt brukt til (intendert bruk) på omsetningstidspunktet. Ingen etterfølgande oppdatering i forhold til faktisk bruk sjølv om dette skulle visa seg å verta ein annan bruk enn intendert.

Til dels dårleg kvalitet på detaljnivå. Bør først og fremst nyttast til å skilje mellom konsum/ikkje konsum ved hjelp av grupperingstabellar.

Kode Nemning

- 090 Oppdrett
- 091 Avlusing
- 100 Fersk (konsum)
- 110 Fersk eksport (også ising)
- 111 Fersk innenlands (også ising)
- 112 Fersk rensing
- 120 Fersk filet
- 130 Fersk agn

- 200 Frysing
- 210 Rundfrysing
- 211 Frysing konsum eksport
- 212 Frysing konsum innenlands

12 koder er listet ut her.

Anvendelse: Nemning for kode for bruk av fangsten/produktet

Feltet inneheld nærare beskriving/ledetekst til kode for intendert bruk av fangsten/produktet.

Anvendelse hovedgruppe (kode): Kode for hovedgruppe for bruk av fangsten/produktet

Kode for gruppering av kva fangsten/produktet er tenkt brukt til (intendert bruk).

Anvendelse hovedgruppe: Nemning for hovedgruppe for bruk av fangsten/produktet

Feltet inneheld nærare beskriving/ledetekst til kode for hovedgruppe for intendert bruk av fangsten/produktet.

Antall stykk: Antall stykk/antall fisk

Antall fisk levert. For nokre fiskeri skal antall stykk oppgis på seddel.

Ikkje komplett informasjon. Varierende kvalitet over tid.

Bruttovekt: Bruttovekt

Bruttovekt i kg viser samla vekt av fisk med vatn, emballasje og pallar.

Innført i 2004 men ikkje tatt komplett i bruk dei første åra. Også noko usikker kvalitet seinare år. I 2013 vart det innført automatisk kontroll som sikrar teknisk korrekt utfylling av feltet (dvs. det må ha verdi høgare eller lik produktvekt på same varelinje).

Produktvekt: Produktvekt

Kvantum i netto produktvekt i kg.

Informasjonen er komplett.

Produktvekt over kvote: Produktvekt over kvote

Kvantum over kvote i kg produktvekt. Vert utrekna som ein del av salslagas kontrollverksemd. Gjeld også kvantum som er vedtatt ulovlig av fiskeristyresmaktene.

Verdi av kvantum over kvote skal inndragast. Dette gjeld også inndraging som følgje av vedtak utført av andre. (Mengde i dette feltet skal ikkje endre innhaldet i feltet Produktvekt.)

Ikkje komplett utfylt

Rundvekt over kvote: Rundvekt over kvote

Kvantum over kvote i rundvekt. Produktvekt over kvote * aktuell omrekningsfaktor.

Ikkje komplett utfylt.

Rundvekt: Rundvekt

Rundvekt i kg, også omtala som fiskens levande vekt. Vert berekna ved å ta Produktvekt * aktuell omrekningsfaktor. Vil vera 0 for biprodukt.

Enhetspris for kjøper: Kjøpars pris pr måleining

Kjøpars pris pr måleining er den pris som kjøpar betaler for vara.

Vil vera 0 på alle landingssetlar. Det vil også kunne vera sluttsetlar som har pris 0. Ikkje komplett for alle salslag bakover i tid.

Data for siste 12 månader (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Beløp for kjøper: Varelinjebeløp kjøpar

Varelinjebeløp kjøpar er kva kjøpar har betalt for det gitte kvantum fisk han har kjøpt. Beløpet er eit produkt av produktvekts kvantum og kjøpars pris per måleining. Meirverdiavgift skal ikkje vera trekt frå.

Vil vera 0 på alle landingssetlar. Det vil også kunne vera sluttsetlar som har verdi 0. Ikkje komplett for alle salslag bakover i tid.

Data for siste 12 månader (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Enhetspris for fisker: Fiskars pris pr måleining

Fiskars pris pr måleining er den pris fiskar får betalt for vara, før lagsavgift er trekt i frå. Pris til fiskar vil normalt vera lik den pris kjøpar må betale. Unntaka er når det vert foretatt ei prisutjamning mellom fiskarar og ved landing i utlandet kor fiskar kan vera pålagt å bera ei større del av utgiftene ved lossing samanlikna med norske forhold.

Vil vera 0 på alle landingssetlar. Det vil også kunne vera sluttsetlar som har pris 0.

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Beløp for fisker: Varelinjebeløp fiskar

Varelinjebeløp fiskar er kva fiskar får utbetalt for det gitte kvantum fisk han har landa. Beløpet skal framkomme som eit produkt av produktvekts kvantum og pris fiskar per måleining. Meirverdiavgift skal ikkje vera trekt frå.

Vil vera 0 på alle landingssetlar. Det vil også kunne vera sluttsetlar som har verdi 0.

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Støttebeløp: Støttebeløp

Støttebeløp i kr er støttebeløp til fiskar. Skal vera spesifisert i NOK u/meirverdiavgift per varelinje, dvs. før meirverdiavgift er trekt i frå. (Beløpet i dette feltet skal ikkje endre innhaldet i felte Enhetspris for fisker eller Beløp for fisker.)

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Lagsavgift: Lagsavgift

Lagsavgift (beløp) i kr er den avgift fiskar må betale til salslaget. Lagsavgifta vert fastsett av det enkelte salslag, og kan variere for ulike produkt innan eit salslag.

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Informasjonen er komplett.

Inndradd fangstverdi: Inndradd fangstverdi

Inndradd fangstverdi i kr er den verdi av fangsten som vert inndradd frå fiskar på bakgrunn av saksbehandlingsvedtak om brot på Havressurslova. (Beløpet i dette feltet skal ikke endre innhaldet i felte Enhetspris for fisker eller Beløp for fisker.)

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Ikkje komplett utfylt.

Etterbetaling: Etterbetaling

Etterbetalt fangstverdi i kr. Beløp fiskar får utbetalt av salslaget på grunn av forretningsmessige forhold mellom fiskar og salslag. (Beløpet i dette feltet skal ikke endre innholdet i feltene Enhetspris for fisker eller Beløp for fisker.)

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Fangstverdi: Fangstverdi

Frå og med 2018 har fangstverdi fått ny definisjon. Dette er gjort då vi meiner dette vil gje eit betre bilete av verdiskapinga i fisket, samt at ny definisjon er meir i samsvar med verdibegrep som nyttast i andre sammenhengar.

- Definisjon 2018-:
 - Beløp for fisker + Etterbetaling

- Definisjon 2000-2017 (utbetalt verdi):
 - Beløp for fisker + Støttebeløp - Lagsavgift - Inndradd fangstverdi + Etterbetaling

Fangstverdi vil vere 0 på alle landingssetlar. Det vil også kunne vere sluttsetlar som har verdi 0.

Data for siste 12 måneder (løpande) er definert som sensitiv informasjon, og er ikkje med i datasettet.

Oppdateringstidspunkt: Oppdateringstidspunkt

Tidspunkt for siste oppdatering av data. Dato og klokkeslett.